Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: Thorolf Kvalevik

(adresse): Utsira

Fylke: Rogaland

Herad: Utsira

Bygdelag:

Gard: Kvalevik

G.nr. 3/ Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ard er eit ukjent gardsreidskap her, men ordet ard kjenner ein til.

Når ein åker er plöyd og der står att noko som er vanskeleg å koma til med plog - kan vera framme ved eit gjerde, ei rein eller open gröft - veita - tar ein dette med spa og kallar det å spa arlöyver.

2. I arbeid med åker har det för i tida vore spa ein har brukt.

I våronna - vårvinna - kunne det på eit og same bruk stå 4-5 per=sonar - kvinna som mann - jam=sides og snu om åker med spa.

Ein nytta då mykje dei same åkrar år etter år, skifte berre på av=linga frå poteter det eine året til byggkorn det neste og havrekorn der=neste.

Før ein lærde å kjenne til kunst=gjödsla, var det uvanleg å gjöd=la poteta. Naturgjödsla fekk korn=åkeren. Vart same åker bruka til poteter år etter år, vart åkeren

./.

8165

piska på med av ny mold. Det var om å gjera og halda den åker ein hadde i hevd utan omsyn til den skade ein gjorde der ein tok denne molda.

Til å få kornet med i åkeren brúka ein riva – Mildingsriva – og eller horv. Ordet myldit lydest tillaga for oss, er det riva ein brúka segjer ein milda kornet – kodne – ned, er det horv segjer ein horva kodne ned

3. Til omlag tjue år attende var det ålment å brúka spa til setjing av poteter. Med spa laga ein då fyrst senger i ei lengd etter som åkeren var lang eller breid, og var kvar seng omlag 1. m. breid.

Potetene varst då med spa sett tvers over sengene, og til dette arbeidet var ein to personar i lag, den eine brúka spaen medan den andre – gjerne ein mindreårig – kasta poteta nedi etterkvart som den med spaen lyfte opp molda.

Denne måten å setja poteter på er ikkje lenger brúkt, ein brúkar no hest og hyppeplog. Åkeren kjörer ein fyrst opp i rylar, med hand legg ein då potetene ned i fåra millom rylane og etterpå med hest og hyppeplog klöyver rylane over potetene.

4.-12. Som för nemnt er reidskapet ard ukjent.

8165

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2. blad

3

Skokleane til plog og horv lagar ein helst av tåg, i eldre tid og so av tre, og kallar ein desse „Dilder". Det som dildene vert festa til hesten med, kalla ein orspöter. Vil ein hesten skal gå fram, segjer ein fram eller hyttk - atterover: Oga eller back.

13. Ettersom at åkerarbeidet vart gjort med spa, er det helst truleg ein fyrst fekk plog når dei vart å få fabrikklaga. Heimalaga plogar har ein lita tru på her var. No har ein berre moderne fabrikklaga plogar - ikkje skjörpeplogar men gode av Kverneland, Kyllingstad og Underhaugs, alle sers gode plogar.

På garden til den som skriv dette er ein 12" Kvernelands maskaplog kjöpt 1912 for Kr. 65,-. Den har vore mykje brukt og er den framleis i bruk so å segja kvart år.

14-15. Plogkaren hadde ein liten ting laga av tre han bruka å reinska av veltefjöla med for mold. I storleik var den omlag 15. cm. lang, på det breidaste 10 cm. breid og 2. cm. tjukk. I smalaste enden var holl for å setja i band av hyssing eller smekk av tåg, dette tillaga som stropp nett höveleg stort å smöge inn over högre handa til handleden. Der vart so denne tingen hangande utan å sjenere plogkaren, som for kvart nytt får med den reinska av veltefjöla. Denne

8165

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

./.

Lingen kallar ein moldkei.



Moldkei

16. Når ein kjører plogen attende til nytt får, velter ein ~~den~~ den plogen over til den sida veltefjöla er. Dette helst for at styre med handtak ikkje skal grisast til.
17. Kloss på åsen for å halda plogen oppe frå jorda kjenner ein ikkje til.
18. Om det med venstreplog er meint plog som velter fåra til venstre for ein, har ein korkje höyrt om eller sett ein venstreplog.
19. Djupna vert etter som ein ynskjer å ha det. På dei eldste plogane var det ein slepsko - av tre, dei nyare eit hjul - av metal - til å passa inn djupna med. Elles regulerer ein og djupna med å korte inn eller gjera ~~lengre~~ dra=bandet - drottebandet - lengre, -bandet millom plog og dildar. Vil ein ha plogen å gå djupare, gjer ein bandet lengre, grunnare, det omvendte.

Nokko namn på denne inn=retning har ein ikkje höyrd om.

20. Ein ristill var det altid på plogen.
21. Steinfull som jorda er, må tanken om premiepløing i lende=rette får ikkje ennast på. Plog

8165

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med berre risike til å ta loddrette snitt i jorda med, er heilt utkjent og toser påsta aldri har vore brukt.

22. Serskild slede eller anna til å kjöre plogen på når ein skal ut å plöya brukar ein ikkje. Er der veg som ein må over, brukar ein den vanlege gardskjerra, elles brukar ein helst dra plogen over marka.

23. Folkestem - Jarlsbergsplogen kjenner ein ikkje, heller ikkje kjenner ein til av kva merke dei fyrste plogane var. Kan lita tru på at fyrste plogane var heimalaga plogar. Helst trulig til ein fekk seg fabrikklaga plogar, var spa dit reidskap ein bruka i åkerarbeid.

Åker hadde ein etter tilhöva mykje av i eldre tid. Dette syner gamle dokumenter som bygsle og folgebrever. Eit döme:

"P. P. afstaaer til benævnte P. P. imod at give efter Indgangen forening udi Folge til benævnte P. P. og hans Hustrue P. P. saa= lenge enhver af dem lever, aar= lig 9 Tönder Havre Korn, 1 Tön= de Reent Korn" m. v.

Byggkorn kallar me Reinkorn - reint korn - for den dag idag. Reent Korn er då reint Bygg= korn.

Åkerplogane ein no har er helst "Jardar", Lundeshaugsfabrikk, mest "aplogane Kvernelands og Kyllingstads


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 8165

For ikkje å koma i skade for nokko ein veit lite om, var det helst ynskjeleg ikkje nemna nokko om namna på dei ymse deler av plogane.

Ein har Styre, Veltefjöla - (veltefjöle), Ås (stokk), Ristill (kniv) og Vongsen. Vongsen festa nedst på veltefjöla og som skjærer fåra (fåse) laus i djupna, botn i fåse.

Ordet ard vil i bygdemålet vera hankjynsord og uttala ar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 8165